

Programplan 2025

Voss Hang- og Paragliderklubb

1. Overordna målsetjing 2025

Strukturere organisasjonen for framtida og rusta opp for utvikling og auke i aktivitet på sikt. Redusere sårbarhet knytt til enkeltpersonar er avgjerande for berekraftig drift.

Prioriteringar:

- Tydeleg ansvarsfordeling og rolleforståing mellom administrasjon, styre og sikkerhetsgruppe. Det inneber å revidere og utforme samt å implementere instruksar.
- Betre tilhøve slik at medlemmar, instruktørar og nøkkelpersonar vert ivareteke godt. Det inneber at ein har motivasjon og synest det er kjekt å bidra til positiv utvikling på lenger sikt.
- Sunn kultur og god praksis for kommunikasjon og tilbakemelding i alle ledd.
- Digital arbeidsplattform og prosjektleiingsverktøy som effektiviserar drifta og sikrar system for oppretthalding i framtida. - ansvarsområde og oppgåver administrasjon.
- Effektivisering og forbetring i økonomistyring. Struktur, rutinar og auke kompetanse. Enklare å frigjere midlar for framtidige prosjekt.

2. Fokusområder og tiltak

A. Organisasjonsutvikling

Profesjonalisering av drift: Utarbeide tydeleg struktur, kommunikasjon og ansvarsfordeling i organisasjonen for å oppnå ein berekraftig arbeidsplass. Muliggjer sikker framtidig drift og rekruttering i nøkkelrollar.

Tiltak:

- Ferdigstille og implementere mandat og instruksar for styret, dagleg leiar og fagleg leiar.
- Opprette arbeidsgrupper for dugnad, Veko, arrangement og fagutvikling.
- Undersøke, ta i bruk digital arbeidsplattform og implementere heilheitleg system for kommunikasjon, prosjektstyring og arbeidsflyt.

Mål:

- Tydeleg ansvarsfordeling og effektiv drift.
- Forenkle kommunikasjon internt.
- Profesjonalisering og effektivisering i alle ledd.
- Redusere sårbarhet knytt til enkeltpersonar.

Ansvarleg: Styret og dagleg leiar.

Tidsfrist: April 2025.

B. Utdanning og tryggleik

Kvalitet på utdanning og aktivitet: Vidareutvikle kurs, progresjonstilbod og instruktørutdanning. Rekruttering og kompetanseheving for instruktørar.

Tiltak:

- Vidareutvikle instruktørutdanning og oppfølging i samarbeid med sikkerhetsgruppa og seksjonen.
- Utarbeide og publisere ROS-analyse for flystader, inkludert vedlikehaldsplanar.
- Sikre progresjonskalender for pilotar, med tilbod om SIV-trening og vidarekomne kurs.

Mål:

- Kompetanseheving instruktørar
- Auke instruktørbasen med 5 nye instruktørar.
- Auka gjennomføring og kvalitet progresjonskurs
- Forbetre tryggleiksrutinar på flystader.
- Sikre god informasjonsflyt til medlemsmassen.

Ansvarleg: Sikkerhetsgruppa og fagleg leiar.

Tidsfrist: Juni 2025.

C. Aktivitetar og arrangement

Tiltak:

- Vidareføre Veko med høg deltaking og kvalitet.
- Opprette treningsgrupper for ulike ferdigheitsnivå.
- Arrangere to større samlingar med andre luftsportsklubbar (f.eks. Bergen eller Loen).
- Medlemskveldar og julebord
- Sjå på konkurransesatsing og rekruttering. Korleis kan klubben bidra?

Mål:

- Auke sosialt engasjement og deltaking.
- Skape ein nasjonal plattform for utveksling av kunnskap.

Ansvarleg: Arrangementsgruppa og dagleg leiar.

Tidsfrist: September 2025.

D. Økonomi og ressursar

Langsiktig økonomi og bærekraft: Effektivisere ressursbruk og sikre langsiktige investeringar.

Tiltak:

- Revisjon av økonomistyringsrutinar, og organisering av kontoar.
- Ferdigstille ein femårig investeringsplan for utstyr, fasilitetar og klubbhus.
- Gjennomføre anbudsrundar for innkjøp av kursvinger PG.
- Utvikle sponsorstrategi med konkrete tiltak mot lokale bankar og fond.
- Vidareutvikle system for booking av kurs, tandemturar og arrangement ilag med betalingsløysingar og praktisk organisering.

Mål:

- Auke inntektene frå kurs med 10 %.
- Effektivisering tandemorganisering gir vekst i tandeminntekter høysesong.
- Jobbe mot å kunne oppnå NOK 500 000 i årlege sponsorinntekter på lenger sikt.

Ansvarleg: Styret og dagleg leiar.

Tidsfrist: Desember 2025.

E. Samarbeid og nærmiljø

Tydeleg samfunnsrolle og godt samarbeid: Styrke samarbeidet med lokalt nærmiljø og nasjonale aktørar. Ein meir synleg aktivitetstilbodar og samarbeidspartnar i nærmiljøet.

Tiltak:

- Formalisere samarbeid med Voss Fallskjermklubb og Ekstremsportveko.
- Etablere dialogmøte med grunneigarar og kommunen for langsiktige avtalar.
- Oppdatere nettsida med informasjon om flystadinfo, startar og samarbeidspartnarar.

Mål:

- Sikre langsiktige avtalar for Bømoen og andre flystader.
- Auke medvitet rundt klubbens samfunnsrolle.

Ansvarleg: Dagleg leiar og prosjektgrupper.

Tidsfrist: November 2025.

3. Årshjul 2025

Månad	Hovudaktivitet	Ansvarleg
Januar	Strategisamling og førebuing årsmøte	Styret
Februar	Oppfølging planlegging av kurs og treningskalender	Dagleg leiar
Mars	Vårdugnad og vedlikehald	Dagleg leiar
Juni	ROS-analyse ferdigstilt	Sikkerheitsgruppa
Juli	Ekstremsportveko	Arrangementsgruppa
September	Medlemsundersøking Planlegging av kurs 2026	Dagleg leiar
November	Sponsorarbeid og budsjettarbeid	Styret
Desember	Evaluering og oppfølging	Styret

4. Oppfølging og evaluering

- **Kvartalsvise statusmøte:**
 - Styret og dagleg leiar gjennomgår framdrift og måloppnåing.
- **Medlemsundersøking:**
 - Innsamling av tilbakemeldingar på kurs, aktivitetar og arrangement.
- **Sluttevaluering:**
 - Presentasjon av resultat på årsmøtet i 2026.